

Emnenr. 6. Fylke: Nordland .
 Tilleggsspørsmålnr. 1. Herad: Velfjord .
 Emne: Folkelege musikkinstru- Bygdelag:
 ment .
 Oppskr. av: Knut Strompdal . (Død) Gard:
 (adresse): Storbørja . G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn .

SVAR

1. Eg har ikkje høyrte om , at her har vore lurar rulla saman av bork og som hadde noko lydskapande utstyr i enden . Av skoglur (Angelica silvestris) vart det laga to slaks lurar , den eine med det lydskapande utstyr i den enden ein blåste i , på den andre var det nerare midten. På sistnemnde var det ei spalte , i den første ein hakk.

2. Orda halme og harpipe kjenner eg ikkje frå bygdemålet her.

3. Eg kjenner ikkje til at noko slag rangle har vore brukt her.

4. Å laga til ein smell ved å fylle ein pose med luft å slå til er lenge vore kjent . Ein tek ein papirpose og bles han full av luft , held han så med eine handa slik at ikkje lufta fer ut og slår så til med andre handa .

Av blommar som er vortne brukt til å få til smellar med kan nemnast smellgras (Silene vulgaris). Tonny Strompdal fødd 1909 fortel , at borna i hennar oppvekst pla taka av blomane av smell-

gras la den på eine handa og slo til med andre handa og fekk til ein høg smell. Ho fortel at borna enno pla halda på med det. Julie Strompdal fødd 1884 fortel at det truleg er brukt frå eldgamal tid . Ein kunne og fukta den handa litt som ein la blomen på før ein la blomen der, då vart smellen høggre når ein slog til .

Smellar med ei svepe var heller vanleg når ein vilde få eit krøter til å gå , ein vilde då berre skrema dyret utan å slå det . Til anna har eg ikkje høyrte om at svepesmellar er vorte brukt .

Skotsmellar med gevær var mykje brukt før i tida . Hans Strompdal fødd 1848 fortalde at det var vanlegt det vart skote i bryllaupa når brurfolka kom heim til gards frå kyrkja og var vorten vigde .Det var og ei vanleg råd for ein otti år sidan å skyta gjennom fjøset når eit eller anna dyr var vorten sjuk. Det var nok for å skrema dei underjordiske eller vondemaktene . Ella Jonson f. 1860 fortalde at i jonsok ~~vurde det~~ skulle det skytes non smellar med same sola rann jonsokdags morgon . I gamal tid var det alltid krut som vart brukt til slik skyting . Men ved ymse høve kunne det greida seg utan gevær såleis i bryllaup og i jonsok . Dei bora då anten hol dei hadde krutet i eller dei hadde krutet på flasker og tente på med lunte. Dynamitt kan nok brukes til salutering i seinare år.

5. Ein kjenner ikkje til nokon serlege lyder til å skræma bort vonde ånder anna enn det som nemnt ovanfor.